



# DEN NORSKE KYRKJA

Fedjekyrkja

## **Referat sokneråd og fellesråd 5. mars 2019 kl. 18:15(sokneråd) og 19:00 (fellesråd) på kyrkjekontoret**

Til stades: Lars Svendsen, Jostein Husa, Tone Sævi, Erling Walderhaug, Ottar Tangen, Olav Husa, Solrunn Gullaksen og Idar Simonsen

Opning ved Lars Svendsen: Mark. 2,1 – Den lamme mannen. Ta i bruk uvanlege metodar for å få folk til Jesus.

Sokneråd:

S11/19	Evaluering av årsmøte
Vedlegg	Referat og årsmelding

S12/19	Fasteaksjonen 2019
	Organisering: Jostein Husa tek seg av konfirmantane og utdeling av rodar. Anna Marit Storemark ordnar med noko dei kan ete. Ingrid Nilsen og Lars Svendsen er med og teller opp.

S13/19	Informasjon om ny prest
	Innsetting 1. pinsedag 9. juni kl. 16:30. Prosten kjem og vi arrangerer kyrkjekaffi. Grete Herøy er klokkar og les brev frå biskopen. Rune Minde og prost Helge Taranrød er med.

S14/19	Kyrkjekaffi 10. mars ved familiegudsteneste
	Utdeling av bøk til 2. og 5. klasse. Tone Sævi er klokkar og bakar bollar. Jostein Husa er kyrkjevert og lagar noko. Klokkar deler ut bøk med presten.

S15/19	Eventuelt



# DEN NORSKE KYRKJA

Fedjekyrkja

Fellesråd:

F1/19	Godkjenning av innkalling og referat – ok
Vedlegg	Referat

F2/19	Skriv og meldingar

F3/19	Trusopplæring framover
	Ungdomsarbeidar trakk seg frå stillinga og ansvaret er gått tilbake til Per Børge Hillestad som tek seg av trusopplæringa våren 2019. Det vil vere bibelkurs for 5. klasse og 2 ungdomskveldar.

F4/19	Kjøp av gardintrapp til kyrkja
Vedtak:	Fedje kyrkjeleg fellesråd skal kjøpe inn ny gardintrapp til kyrkja.

F5/19	Val 2019
	Vallokale og status for valnemnda: Kandidatlista er klar, den treng berre 10 underskrifter. Kyrkjeverje sender spørsmål til kommunen om å bruke det sosiale rommet til vallokalet. Forhandstemming skjer på kontoret, på gudstenesta i august og på sjukeheimen. På kontoret frå 9-12 onsdag og fredag.

F6/19	Fjerning av skogen bak koleragravplassen
Vedtak:	Skogen veks større og sperrer vegen opp. Det er og ein tilhaldsstad for kråker som roter på gravplassen. Vi vil søkje kommunen om å tynne ut halve skogen.

F7/19	Lysekronene på reparasjon
	Kyrkjeverja skal skaffe anbod frå to reparatørar.

F8/19	Eventuelt
-------	-----------

Leiar Lars Svendsen

for fellesråd og sokneråd: Mia K. Etokebe